

Protokoll

REGIONSRÅDET FOR HAUGALANDET **06/23**

DATO: måndag 6. november 2023

TID: 10-14.30

STAD: Hemmingstad Kultursenter

TIL STADES

Karmøy kommune:	Leiv Arne Marhaug, Øystein Daviknes Hagerup
Haugesund kommune:	Nils Konrad Bua, Ole Bernt Thorbjørnsen, Gunn Margot Bendiksen
Tysvær kommune:	Monika Lindanger, Sigurd Eikje
Utsira kommune:	Marte Eide Klovning, May Britt Jensen
Bokn kommune:	Egil Våge, Ingeborg Skjølingstad
Sveio kommune:	André Mundal Haukås, Jostein Førre
Vindafjord kommune:	Ole Johan Vierdal, Yngve Folven Bergesen
Suldal kommune:	Mads Drange, Karin Dokken Austvik
Sauda kommune:	Håvard Handeland, Vegard Thise
Etne kommune:	Mette Heidi Bergsvåg Eikrheim
Rogaland fylkeskommune:	Ole Ueland
Administrasjonen:	Sigmund Lier, Gunn Evy Auestad, Karianne Ellefsen, Tora Eide, Ingvild Haugen
Stortingpolitikere:	Terje Halleland, Sveinung Stensland, Lisa Marie Ness Klungland Ragnfrid Sønstabø, Tore Lillenes, Martin Laurhammer, Linn Therese Erve, Arne Christian Mohn, Sverre Meling jr., Julie Osteig, Bernt Jæger, Per Velde
Andre:	

SAKSLISTE

- Sak 32/23:** **a. Val av møteleiar**
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim blei valt som møteleiar.
- b. Godkjenning av innkalling og saksliste**
Innkallinga og sakslista vart godkjend.
- Sak 33/23:** **Vedtakssak: Godkjenning referat frå møte i regionrådet 21.september 2023**
Referatet blei godkjend.
- Sak 34/23:** **Orienteringssak: Informasjon om arbeidet i Haugalandsrådet IPR og Haugaland Vekst IKS**
Dei tilsette i Haugaland Vekst (HV) presenterte seg og sine fagområde for rådet.
- Ny leiar i HV, Sigmund Lier, orienterte om endringa frå Regionrådet til Haugalandsrådet interkommunalt politisk råd (IKS) f.o.m. 2024. Ein samarbeidsavtale mellom Haugaland Vekst (HV) og Haugalandsrådet IPR er ute på høyring i kommunane. Lier presiserte at dette er to ulike selskap. Avtalen skildrar korleis HV skal yta sekretariatstenester til rådet. Karmøy er siste kommune som skal godkjenna avtalen. Kommunane må også vedta ein leiar og arbeidsutvalsleiar for rådet dei komande åra. Det nye IPRet bør ha eit tett samarbeid med Ryfylkerådet og Sunnhordlandsrådet.

Orientering frå tidlegare rådsmedlemmer

To tidlegare ordførarar Linn Therese Erve (Sveio) og Arne Christian Mohn (Haugesund) delte av sine erfaringar som rådsmedlemmer. Av ting som er viktige å følgja opp framover, peika dei på det gode samarbeidet som er bygd opp med Sunnhordlandsrådet og generelt samarbeid på alle område som har betydning ut over eigen kommune. Begge understreka at forankring av det regionale arbeidet i kommunestyra er avgjerande for å klara å dra i same retning

Erve og Mohn viste til Vegkartet for Haugalandet som eit viktig styringsdokument og Mohn påpeika at havvindsatsinga er viktig og at Haugalandet er den einaste regionen i landet med ein eigen havvindstrategi. Mohn var også oppteken av å inkludera kommunane som ikkje har eigarinteresser i viktige prosjekt og aktiviteter som pågår i Haugaland Næringspark. Erve tilrådde ordførarane å halda fram med vekentlege kaffimøte og oppmoda dei som har observatørrolle i rådet til å nytta seg av moglegheita til å delta i rådsmøta.

Informasjon om Haugesund lufthavn

Flyplassleiinga ved Tore Lillenes og Martin Laurhammer orienterte om status for Lufthavndrift AS. Per september 2023 låg flyplassen godt opp mot trafikken i 2019. Passasjerane er tilbake etter pandemien, men dei legg att betrakteleg mindre pengar. Dette er ein trend i heile Noreg. Selskapet har behov for kapitaltilførsel og innstiller seg på emisjon. Dei ser det som viktig å få til eit kjøp, då leigeinntektene til Avinor stig kraftig frå år til år.

Tora Margrethe Eide og Ingvild Haugen orienterte om arbeidet med havvind og grønt industriløft. Lier bad om tilbakemeldingar på kva me skal prioritera innan grønt industriløft. Han føreslo også å ta med rådet på ein industrisafari på Haugalandet.

Sak 35/23: Orienteringssak: Regionrådet, dei ulike ordførarane og dei sentrale styresmaktene
Stortingsrepresentantane Sveinung Stensland (H) og Terje Halleland (Frp) fortalde om korleis kommunane og HV bør jobba for å få gehør i NTP. Prioriteringane til fylkeskommunane er svært viktige, god dialog med LO og NHO er også viktig. Det same gjeld kontakten med SV. Lisa Ness Klungland (Sp) oppmoda ordførarane til å ha låg terskel for å ta kontakt med dei.

Halleland sa at flyplassen er avgjerande for å ivareta den attraktiviteten Haugalandet har bygd opp gjennom 20 år og at det er viktig å oppgradera Husøyvegen for at Karmsund Havn skal lukkast.

Fylkesordførar Ole Ueland orienterte om fylket sitt arbeid med NTP. Han berømte regionen for å vera samlande og tydelege på kva som er dei viktige prosjekta. Det er viktig å visa overfor regjeringa at me har eit breitt fleirtal bak prioriteringane. I eit høyringsutsegn har fylket peika på E134, arm til Husøy og bypakke Haugesund og fastlands-Karmøy som viktige prosjekt.

Rådet fekk også status i arbeidet med statlege arbeidsplassar til regionen. Lier informerte om at HV har sett i gang eit arbeid for å få Nasjonalt senter for yrkesfagleg utdanning til Haugalandet/Sunnhordland i dialog med fylkeskommunen.

Sak 36/23: Vedtakssak: Høyring om «Arm til Bergen» på E-134

Høyringsuttalen blei samrøystes vedteken slik den vart lagt fram. Administrasjonen sender uttalen inn til Statens Vegvesen.

Sak 37/23: Haugalandsrådet IPR, planar framover

a. Planar framover

Dagleg leiar orienterte om planane vidare. Vedtaket i førre rådsmøte om møtedatoar i 2024 blei oppretthalde. Felles møte med Sunnhordlandsrådet må bli 13. eller 14.juni. Lier bad rådsmedlemmene spela inn forslag til tema til felles formannskapsmøte den 22.februar 2024.Han oppfordra også rådet til å delta på Vegkonferansen 2024 den 8.februar 2024 i Tysværtunet.

Oslotur for regionrådet blir i mars 2024. Rådsmedlemmene står ansvarlege for å spela inn tema i samarbeid med AU.

b. Prosessen med å velja rådsleiar, nestleiar og arbeidsutval.

Regionsrådet vart samde om å gjennomføra naudsynte val på neste regionrådsmøte som blir halde på Stord den 8.desember. Dagleg leiar sender innkalling til dei to representantskapsmøta.

Yngve Folven Bergesen etterlyste felles kurs i eigarstyring i felles formannskapsmøte den 22.februar. Samfunnsbedriftene har kurs om det.

Ymse

Straumprisutvalet

Lier orienterte om og refererte til eit digitalt møte den 8.november i regi av initiativtakarane til eit regionalt høyringssvar. Høyringsfristen er 15.desember.

Den internasjonale skulen på Haugalandet

Sverre Meling i Maritimt Forum og Julie Osteig, rektor for Haugesund Int. School, orienterte om at skulen er i stor fare som følgje av kutt i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett. Med kutta som er skissert vil det ikkje vera mogleg å driva skulen vidare. Eit slikt tilbod er viktig både for ny industri, etablert industri og for offentlege institusjonar som HVL og Helse Fonna. Skulen blei etablert 2016 og har i dag 128 elevar som representerer 56 ulike nasjonalitetar. Meling og Osteig understreka at skulen ikkje er ein konkurrent til den offentlege skulen. Marte Eide Klovning (Utsira) jobbar med å få til eit møte med partifellar i Kunnskapsdepartementet. Signala frå departementet er at dei jobbar med ei ny innretning og at statsråden er oppteken av å ta vare på dei internasjonale skulane. Det er ikkje for seint å koma med innspel. Fylket blir invitert med inn i arbeidet.



Regjeringens forslag til statsbudsjett truer Haugesund International School

Fersk statsråd, Kari Nessa Nordtun, har overtatt landets fremste lederjobb på utdanningsfeltet. I Kunnskapsdepartementet lå Tonje Brennass oppskrift for seigpining av friskolene. Forslaget til ny tilskuddsmodell for private grunnskoler vil bety stø kurs mot stengte skoler landet rundt.

Haugesund International School er truet.

Skolen ble etablert i 2016 for å sikre internasjonal arbeidskraft til arbeidslivet på Haugalandet. I dag har den 128 elever fordelt på barne- og ungdomstrinnet og 19 ansatte. Med foreldrenes bakgrunn favner Haugesund International School 56 nasjonaliteter. Elevenes foreldre har arbeid mange steder. Hydro, DeepOcean, Aibel, Knutsen OAS Shipping, Equinor, Gassco, Haugesund Sjukehus og Høgskolen på Vestlandet er blant dem som har stor nytte av skolens tilstedeværelse.

Haugesund International School er ikke en konkurrent til den offentlige skolen, men en forutsetning for at mange med internasjonal bakgrunn i det hele tatt vil vurdere å bosette seg på Haugalandet.

Regjeringens forslag til ny tilskuddsmodell for private grunnskoler vil med andre ord svekke tilgangen på arbeidskraft på Haugalandet dersom Haugesund International School må legges ned. Dette skjer samtidig som at regionen har større behov for å tiltrekke seg arbeidskraft enn noensinne.

Til nå har todelte skoler, altså skoler som både har barne- og ungdomstrinn, fått kompensert med en tilleggssats for alle elever på barnetrinnet opp til 42 elever og tilsvarende på ungdomstrinnet opp til 42 elever. I henhold til regjeringens forslag vil det nå kun gis tillegg for de første 45 elevene uavhengig om skolen er todelt eller ikke.

F.o.m. 2028 vil skolen årlig miste om lag to millioner kroner i tilskudd. Med investeringer i nytt skolebygg og annet, er dette mer enn hva skolen kan tåle.

Regjeringen sier den er opptatt av mangfold i samfunnet, men det kan se ut som mangfoldet ikke skal omfatte utenlandsk arbeidskraft og internasjonale skoler i Norge. Uavhengig av hvilken politisk ideologi som måtte ligge bak kuttforslaget, kan vi ikke skjønne at regjeringen på denne måten faktisk ønsker å svekke så vel Norges som Haugalandets konkurransekraft i kampen om kompetent arbeidskraft.

Til alt overmål kom kuttforslaget som lyn fra klar himmel uten forutgående dialog med friskolene.

Alt settes inn på å snu regjeringens kuttforslag!

På vegne av styret ved Haugesund International School:

Synnøve Seglem - styreleder